

Prosjekt Småkraft i Hordaland – refleksjoner i etterkant

Av Anders Stub og Ottar Haugen

Anders Stub og Ottar Haugen er begge prosjektleiarar og rådgjevarar på Landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen i Hordaland.

Innlegg på juletreff i Norsk vannforening i Bergen 9. desember 2009

Introduksjon

Prosjekt Småkraft i Hordaland vart avslutta i mars 2009 etter 3 aktive år. 120 potensielle småkraftprosjekt har fått

hjelp til å greia ut om bekken er liv laga som framtidig energikjelde. Konklusjon: Det er ikkje gullstraumar alt vatn som går unnytta i havet, men vi har eit stort potensial for verdiskaping gjennom utbygging av fornybare og miljøvenlege energimengder ute på bygdene.



Illustrasjon 1. Inntaksdammen i Gjetingsdalen i Mauranger.

Kontroll over egne ressursar

Med bakgrunn i at kraftutbygging ved forrige hundreårsskifte ofte var eit resultat av at pengesterke oppkjøparar ”rana” til seg billege vassrettar rundt om i landet, har Landbruksavdelinga hjå fylkesmannen i Hordaland og fylkeskommunen gått saman om å oppmuntra fallretts-eigarar med utbyggingsplanar rundt om i fylket, til å undersøkje om det er grunnlag for å byggja ut og drifta mikro-, mini-, eller småkraftverk i eigen regi. Fleire kommunar og eit par kraftlag har òg vore med på spleiselaget for prosjektet.

I dei fleste høve er det godt mogeleg, og ikkje minst lønsamt å ha kontroll over egne ressursar. Då kan ein lettare sikra at verdiskapinga frå kraftverket kjem

lokalsamfunnet til gode. Bruk av lokale konsulentar, entreprenørar, vareleverandørar og finansieringskjelder sikrar størst mogeleg aktivitet for bygdene. I tillegg kjem at heile det økonomiske utbytet vert verande att hjå fallrettseigarane. I nokre høve er det naturlegvis den rette løysinga å gå saman med eksterne partnarar som har kapital og kompetanse for i det heile å få anlegget i gang.

Naboskap rundt kraftverka

Eit av føremåla med prosjektet var å gjera utbyggar meir kompetent til å gjera bevisste val. Det er mange omsyn som må vurderast i ein slik prosess. Det er ofte fleire eigarar langs fallet og dei har



Illustrasjon 2. Kraftstasjonen i Gjetingsdalen i Mauranger.

alle sine motiv for å ta del i ei utbygging som dei fleste har lite kunnskap om. Det er ofte store beløp som må investerast og mange vegrar seg for risiko. Å få til samarbeidsavtalar mellom grunneigarar er eit av dei områda landbruksavdelinga har god kjennskap til gjennom samarbeidsprosjekt som skogsveggar m.m.

Er det pengar og forteneste i bildet, er det også grunnlag for uvenskap. Eit av motiva for prosjektet var å medverka til godt naboskap også i framtida. Bygging av kraftverk er ei investering for fleire generasjonar framover. Gode og tydelege avtalar er eit godt grunnlag for å sikre nabofreden, og vi argumenterte sterkt for dette.

Eit godt og nyttig prosjekt

Vi i prosjektleiinga meiner sjølvsagt at vi har hatt eit godt og nyttig prosjekt og at tidsbruken har vore vel anvendt. Vi har hatt ein pott med midlar der fallretts-eigarane i fylket kunne søkja om tilskot for å greia ut om bekken deira kunne gje eit positivt bidrag til fortsett å kunne bu i bygda og oppretthalda drift på bruka. I samband med dette har vi hatt mange samtalar med fallrettseigarar, der vi har vore den nøytrale parten som ikkje skulle selja noko. Tilbakemeldingar tyder på at dette har vore nyttig for aktørane.

Folkemøter på bygdene med relevante tema for potensielle småkraftutbygjarar vart godt besøkt, og synfaring til ferdige



Illustrasjon nr 3. Inntaksdam i Tveiteelva i Omvikedalen i Kvinnherad. Anlegget var ikkje ferdig, men utsikta var upåklageleg.

anlegg der deltakarne kunne få idear og tips om krokvegar for å unngå dei verste fallgruvane var nyttig.

Stort potensial

Etter NVE si kartlegging har Hordaland eit teoretisk potensial i småskala kraftutbygging på 3,2 TWh til ein utbyggingskostnad under kr 3,-/KWh. Om 40% let seg realisera vil det over sikt generera ei investering på 3,8 milliardar kroner. Dette er store summar, som vi gjerne ser koma bygdene til gode. Om 100 av søkjarane "våre" startar opp med ein gjennomsnittsproduksjon på 3,7 GWh vil dei produsera straum som eit halvt Alta-kraftverk og lysa opp alle husstandar i

Indre Hardanger +Voss, Kvinnherad, Fusa og Samnanger kommunar.

Det var imponerande å oppdage kor mykje kunnskap og kompetanse som finst ute blant aktørane. Det er alltid ei eldsjel som har mot og tru nok til dra det heile i gong. Desse personane er det sers viktig å ta vare på.

Miljøomsyn i nokre vassdrag

Som for det meste i dag er det også kritiske røyster til utbygging av små vassdrag til energiprodusentar. Miljøfiendtleg, tap av biologisk mangfald, inngrep i urørd natur osb. er omgrep ein stadig vert servert. Det er ikkje målet at alle bekkar skal byggjast ut, men der det etter



Illustrasjon 4. Inntaksdam hjå Myklebustdalen Energi i Kvinnherad. Dette enkle inntaket har fungert etter føresetnaden.

ei samla vurdering har små negative konsekvensar, kan vi ikkje sjå at det er mykje anna som kan gje like miljøvenleg og fornybar energi. Dei fleste bekkene går skjult i terrenget og er lite å sjå for folk flest. Dei fleste småkraftverk er bekkkraftverk med små inntak utan reguleringsdammar, anlegga vert pålagd minstevassføring og det er prestisje for eigarane å utforma vakre kraftstasjonar som går godt inn i terrenget. Men i nokre vassdrag er miljøomsyna viktigare enn strau- men og då må omsynet til naturen og fellesskapet gå føre. Dei vanlegaste krite- ria her er omsyn til anadrom fisk, mar- kerte fossar i landskapet og fare for tap av raudlisteartar.

Kompetansesenter for småkraft

Som eit tilleggsresultat frå prosjektet kan nemnast at Samnanger kommune er in- teressert i å starta opp eit kompetanse- senter for småkraft. Samnanger har det meste av kraftanlegg i alle dimensjonar, ligg sentralt til og har alle naturgjevne kvalitetar som skal til for å lukkast med eit slikt tilbod. I september 2009 starta dei eit 3-årig utgreiingsprosjekt der dei ser på mogelegheitene for å få til eit le- vande kompetansesenter for vatn i man- ge former. Sjå www.kraftsenteret.no